

Saksinnmelding

Går til: Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Møte: 21. september 2021
Sak nr: 37/21
Saksbehandler: Geir Lien

Prosjekt psykisk helsevern for framtida – invitasjon til deltaking i utviklingsarbeid

Utvikling av tenester innan psykisk helse er prioritert både innan kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Gjennom prosjektet må vi

- sikre somatiske helsetenester til menneske med psykiske helseutfordringar.
- legge til rette for samspel mellom foretak og forvalningssnivå knytt opp mot rus og psykisk helse
- utvikle tilstrekkeleg differensiert tilbod innan våre tenestetilbod.

Samstundes er det ei overordna føring om at vi skal utvikle våre tenester slik at personar med psykiske helseutfordringar får utnyttet sine potensiale til i størst mogleg grad å leve eit liv i tråd med sine ønskjer.

I spesialisthelsetenesta i Helse Bergen HF sitt føretaksområde, er oppgaver og ansvar innan sektoren psykisk helsevern delt mellom Helse Bergen HF og dei private ideelle organisasjonane, Solli DPS, Betanien sykehus, Voss Bjørkeli DPS og Olaviken alderspsykiatriske sjukehus. Vidare er dei privatepraktiserande psykiatarane og psykologspesialister som har avtale med Helse Vest RHF del av psykisk helsevern.

I Helse Bergen HF sin utviklingsplan 2035 er det sett som mål å få eit betre og tettare samspel mellom somatikk, psykisk helsevern og rus.

I forbindelse med at kvinneklinikken blir fraflytta har leiinga i Helse Bergen HF giitt dette arbeidet prioritet og vi kan flytte verksemd frå sandvikenområde og til Haukelandsområdet.

Vi vil no sjå på det samla tenestetilbodet, det vere seg mottaksfunksjonar, kva for spesialfunksjonar skal vere i sjukehuset, korleis skal DPSane utvikle seg både i høve sjukehusfunksjonar og kommunale tenestetilbod og ikkje minst korleis skal vi sikre gode tenester til barn og unge.

Det er oppretta fem delprosjekt, jfr vedlegg, som skal svare ut konkrete oppgåver;.

1. Delprosjekt A – etablere felles mottaksklinikk for psykisk helsevern vaksne og rusmedisin på Haukelandsområde
2. Delprosjekt B1 faglig differensiering og oppbygging av spesialiserte funksjonar på Haukelandsområdet

3. Delprosjekt B2 faglig differensiering og oppbygging av spesialiserte funksjonar på Sandvikenområdet
4. Delprosjekt C Tenesteutvikling for DPSane i opptaksområdet for Helse Bergen HF
5. Delprosjekt D Framtida for psykisk helsevern for barn og unge i Helse Bergen HF området

Utvikling av tenestetilboet til dennepasientgruppa må skje i eit samspel med kommunane. Vi legg opp til at dialogen med kommunane vil skje gjennom;

- Bruk av innspelskonferanse som arena for dialog
- Invitasjon til formell høring

Vi vil invitere breidt til innspelskonferanse knytt opp mot dei utfordringar vi finn innan psykisk helsevern. Det vil vere viktig å få fram korleis vi saman kan styrke tilbodet til våre felles pasientar.

Vi vil bruke innspelskonferanse som arena for samarbeid med kommunane og ser for oss to innspelskonferanser:

- Ein konferanse knytt til delprosjekta felles mottak og tenesteutvikling for DPSa konkluderer
- Ein konferanse som femner om det samla prosjekt psykisk helsevern for framtida

I høve den første innspelskonferansen, mottak og utvikling av DPS, vil vi invitere breidt. Konferansen må sjølvsagt komme før plangruppene konkluderer – det skal vere ei reell drøfting som legg premissene for dei framlegg delprosjekta kjem med. Vi ønskjer difor å gjennomføre denne konferansen i månadskipte oktober/november slik at innspela kan danne grunnlag for vidare arbeid i prosjektet.

Den andre konferansen, knytt til sluttrapporten vil bli holdt i februar 2022.

Framlegg til sluttrapport frå arbeidet vil bli sendt på høyring til våre samarbeidspartnarar i april og vi tek sikte på behandling i styret i Helse Bergen HF i juni 2022.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland støtter forslaget om bruk av innspelskonferanser i utvikling av psykisk helsevern for framtida.